

Høyrde mora sin vakre, gamle song i nytt arrangement.

19.02.2020



Bjørgulf Eik har overrekt kopi av notesettet til Eikedalen til Eivind Stensletten.

Engel Stensletten, fødd på julaftan 1896 med jentenamnet Eik, var kjend for å vera flink å skriva. Ho etterlet seg mange fine dikt og songar. På slutten av 1940-talet skreiv ho ein vakker song, Eikedalen. Dei siste tiåra har den vore lite brukt då melodien har vore ukjend. Siste året har den fått ein renesanse. Øvinga i musikklaget tirsdag var i så måte ein merkedag. Då vart songen framført med song og korpsarrangement for nær familie etter Engel Stensletten.



Knut E. Skåla(svigerson til Engel Stensletten), Bjørgulv Eik(idé og regi), Karen S. Stensletten(svigerdotter), Eivind Stensletten(son), Knut Steinsletten(barnebarn og musikar) og Elisabeth S. Mehl(barnebarn.)

Ferda fram mot framføringa denne kvelden har vore prega av mykje arbeid og detektivarbeid. Etterkommarane etter forfattaren hadde teksten, men dei kunne ikkje ta igjen korleis tonen var. Etter at songen vart opplesen i sonen Eivind Stensletten(no 88,5 år) sin 85-årsdag, bestemte dottera Elisabeth seg for at ho ville finna melodien til versa. Ho visste det var ein gammal stevtone, men ho oppdaga snart at dei var det mange av. Ho google, lytta på stevtunar på Youtube, samarbeidde med faren og andre, men det var som å leita etter nåla i den berømte høystakken.

Men så ein dag for 2-3 år sidan då ho kom heim til foreldra, sa faren:

- No har eg han!

Eivind song den for dottera, og ho gjorde opptak med mobilen. Dette opptaket bringa ho vidare til Eva Megyesi som skrev ned notane til melodistemma. Dette hadde nestoren i musikklaget, Bjørgulv Eik, fått greie på, og då eit anna barnebarn av Engel Stensletten, musikklagseldsjela Knut Steinsletten, feira 70 år sist sommar, meinte Bjørgulv at medlemmene måtte overraska jubilanten med ei framføring av den vakre songen som bestemora hadde skrive. Han hadde allereie lånt notane til melodistemma hos Elisabeth.

Det var ei høgtidstund i utestova/terrassen på Steinsletto då bandmedlemmer og andre gjester song Eikedalen til tonefølge av to kornettar og to trombonar. Musikklaget bestemte seg så for å prøva å få laga eit korpsarrangement til den fine songen. Svein Sunde tok kontakt med Bjørn Aakre i Trondheim, og kort tid etter hadde han klart eit arrangement med 5 stemmer til bandet. Urframføringa av dette arrangementet vart gjort då korpset var tonefølge til Eikedalen som allsong på haustfesten i Helgheim. Ein flott kulturskatt hadde kome fram i ljoset!

Etterkommarane etter Engel Stensletten måtte sjølvsagt få høyre resultatet, og tirsdag var nokre av dei invitert til korpset si øving. Då kom sonen Eivind, einaste gjenlevande av ein stor søskenhøvding, svigerdotter Karen S. Stensletten, svigerson til Engel, Knut E. Skåla, og barnebarnet Elisabeth S. Mehl som gjester. Etter at bandet hadde spela eit par nummer, kom høgdepunktet med framføringa av Eikedalen. Stemninga var høgtideleg rørande. Ekstra flott var nok stunda for korpsveteranen Eyvind som kom med i Uskdal musikklag i 1947, 16 år gammal. 16 år av tida hans som mangeårig korpsmusikar vart i dette korpset.

Etter musikkøkta var det klart for kaffi, marsipankake, song og masse god drøs og mimring. Ei retteleg koseleg stund der vi også fekk høyre opplesing av diktet, framført av Karen S. Stensletten, - ein framifrå opplesar. Vi fekk høyre opptaket som vart gjort då Eivind song melodien, og Eivind vart også overrekt kopi av notesettet. Elisabeth S. Mehl takka for invitasjonen og arbeidet som var gjort på vegne av gjestene og overrekte tulipanar til to som har vore sentrale i arbeidet fram mot det gode resultatet, Svein Sunde og Bjørgulv Eik. Ingen var meir

naturleg til å styra og ha regien på den kjekke stunda enn musikklaget sin nærmeste nabo til Eikedalen, Bjørgulv Eik(87,5 år), ein garantist for den gode stemninga!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland